



Sak: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Vår dato:

Vår ref.: 2019/9485

Luster kommune  
Kommunenr. 1426

Tilsynsleiar: Mari Severinsen, seniorrådgjevar

## Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt

### Innleiing

Fylkesmannen gjennomførte 27.11.2019 tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Luster kommune.

### Heimel, føremål og avgrensingar

Tilsynet vart gjennomført med heimel i § 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011.

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt jf. §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbetringspunkt som vart avdekt under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av arbeidet som kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Det er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskte hendingar.

### Hovudinntrykk

Kommunen viste god forståing for temaa som vart diskutert under tilsynet. Deltakarane i kriseleiinga viser at dei har god kjennskap til risiko og sårbarheit i kommunen, og dei særskilte utfordringane som kommunen møter med mellom anna isolerte bygder.

Luster har vore råka av fleire hendingar dei seinare åra, og har i samband med desse vist god handteringsevne. Kommunen har tett samarbeid med fleire beredskapsaktørar, både i førebuande beredskapsarbeid og ved handtering av uønskte hendingar.

Kommunen tilfredsstiller ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt, grunna manglar i planverket.



## Deltakarar

Mari Severinsen og Sondre Lekve Bjelle representerte Fylkesmannen.

Desse vart intervjua individuelt:

- Ivar Kvalen (ordførar)
- Jarle Skartun (rådmann)
- John Olaf Røhme (ass. rådmann)
- Jan Magne Svåi (leiar eigedom)

I tillegg til dei ovannemnte, var følgjande med på opningsmøte, fellesintervju og sluttmøte:

- Knut Vidar Svanheld (plansjef)
- Knut Cotta Schønberg (helsesjef/kommuneoverlege)
- Knut Åge Teigen (kommunalsjef oppvekst)

## Definisjonar

**Avvik:** Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifter til denne.

**Merknad:** Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

## Resultat

Følgjande avvik og merknadar vert avdekt under tilsynet:

### Avvik nr. 1

Krav til heilsakapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, er ikkje tilfredsstilt.

ROS-analysen omtalar i liten grad framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar. Det er til dømes ikkje skildra og vurdert korleis klimaendringar kan påverke ulike risiko- og sårbarheitstilhøve i kommunen.

Analysen er mangelfull i vurderinga av kva konkrete område som vil vere særleg sårbare ved ulike hendingar. Det går òg i liten grad fram kva kritisk infrastruktur som kan vere særleg utsett.

Det er i liten grad gjort vurderingar av korleis kommunen skal oppretthalde og gjenoppta eiga verksemd (med særleg vekt på oppgåvane til kriseleiinga) ved uønskte hendingar.

I ROS-analysen er det i ulik grad vurdert kva trong det kan vere for å varsle og evakuere befolkninga ved ulike uønskte hendingar.



## Avvik nr. 2

Krav til revisjon av beredskapsplanen jf. sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6, er ikkje tilfredsstilt.

Den overordna beredskapsplanen var sist revidert i 2016. Etter lova skal beredskapsplanen reviderast minimum éin gang per år.

## Avvik nr. 3

Krav til system for opplæring av alle som er tiltenkt ei rolle i kommunens krisehandtering jf. sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7, er ikkje tilfredsstilt.

Kommunen har ikkje ein plan for opplæring av dei som er tiltenkt ei rolle i krisehandteringa. I punkt 8.3 i beredskapsplanen er det kort omtalt at alle nye medlemmar i kriseleiinga innan seks månader skal ha ein gjennomgang av beredskapsplanverket. Kravet omfattar ikkje tilsette utanom kriseleiinga som er tenkt ei rolle i krisehandteringa.

## Merknad

Ved neste revisjon av beredskapsplanen tilrår vi at informasjonsplanen vert supplert med ei skildring av korleis innbyggjararar og besøkande med anna språkbakgrunn enn norsk, kan sikrast informasjon på ein forståeleg måte ved ei eventuell uønskt hending.

## **Dokumentasjon**

Følgjande skriftlege dokument er nytta som grunnlag for tilsynet:

- Overordna heilskapleg ROS-analyse for Luster kommune m/vedlegg
- ROS - helseberedskapsplan
- Overordna beredskapsplan for Luster kommune m/tiltakskort
- Sambandsdiagram, beredskap – Luster kommune
- Overordna beredskapsplan for helse, sosial og omsorg
- Beredskapsplan for tekniske oppgåver i Luster kommune
- Beredskapsplan for Vassforsyninga i Luster kommune
- Handlingsplan for barn og tilsette i krise og sorg
- Ressursoversyn
  - Kriseleiinga
  - Personellressursar i helsetenesta
  - Varslingsplan for nøkkelpersonell
  - Varslingslister – kriseteam
  - Ressursoversikt – snøbrøytarar
  - Ressurslister for kriseleiinga
- Pandemiplan
- Smittevernplan